

GISKE UNGDOMSSKULE



Til elevar og føresette!

***Vi ønskjer alle velkomne til skuleåret
2026/2027!***

Vi vil utvikle gode sosiale- og faglege miljø der elevane lærer å meistre liva sine. Dette kjem fram gjennom skulen sin visjon og plattformen han står på:

VISJON

SAMAN INN I FRAMTIDA

Pedagogisk plattform

G - god nok

I - inkluderande

S - skapande

K - kreativ

E - engasjerande



SAMAN INN I FRAMTIDA

Betyr:

At vi skal skape eit fellesskap der alle høyrer til, og gi kvarandre verktøy til å handtere livet; no og i framtida.

GOD NOK

Betyr:

At vi skal kjenne våre styrker og utfordringar, og setje oss realistiske mål slik vi når utviklingspotensialet vårt.

At å gjere sitt beste er godt nok, og at verdiane våre ikkje blir målt i karakterar.

INKLUDERANDE

Betyr:

At vi skal skape ei kjensle av å høyre til; fagleg og sosialt.

SKAPANDE:

Betyr:

At vi er aktive i praktiske- og kreative prosessar der vi får fram nye idear gjennom varierende oppgåver og metodar.

KREATIV

Betyr:

At vi kan tenkje utanfor boks og har evne til å løyse utfordringar på vår eigen måte.

ENGASJERANDE

Betyr:

At vi skal lære og undervise gjennom å bruke varierte og utforskande metodar.

Organisering av elevane - kontaktlærarar

Giske ungdomsskule har ved skulestart om lag 330 elevar, fordelt på 15 klasser.

Klasse	Elevtal	Kontaktlærarar
8a	22	Randi B. Kleivan Eilin G. Rasmussen
8b	22	Amalie Aarseth Trude Marie Nordstrand
8c	21	Lovise Valderhaug Silje Kristin Sjøholm
8d	22	Jan Erik Langerud Norunn Røsvik
8e	21	Amund Hjelle Gunn Jeaneth Sylte
9a	22	Eva Anita Stubmo Sølvi Bringsli
9b	24	Arild Nedregotten Britt Aina Kleivan
9c	22	Oskar Telvik Natalie Synnes
9d	23	Hege K. Klungsøyr Kristina G. Nordstrand
9e	23	Jan Ove Lange Cathrin Valderhaug
10a	25	Andrine V. Johansen Simon Åkre
10b	16	Jens Giskeødegård
10c	20	Evy Godø Sandanger Odd Kåre Naalsund
10d	18	Maria Alnes Vågen Håkon Høybakk
10e	19	Arild Årseth Stine Skarbø

Organisering av skuledagen

Dagen er dette skuleåret organisert i 6 timar a'45 min.

(7 timar a'45 min onsdagar).

Ringetid	Time
08.10-08.55	1. time, 45 minutt
08.55-09.05	10 minutt friminutt
09.05 -09.50	2. time, 45 minutt
09.50-10.00	10 min friminutt
10.00 -10.45	3. time, 45minutt
10.45 -11.15	30 minutt matpause
11.15-12.00	4. time, 45 minutt
12.00-12.10	10 minutt friminutt
12.10 -12.55	5. time, 45 minutt
12.55-13.05	10 min friminutt
13.05 -13.50	6.time, 45 minutt
13.50-14.00	10 min friminutt
14.00-14.45	7.time (BERRE ONSDAGAR) 45 minutt

8. klassetrinn Avd.leiar: Solvår Våge Lillestøl

Det er om lag 110 elevar på trinnet ved skulestart. Elevane er delt i fem klassar. Oversikt over desse finn du på side 2.

9. klassetrinn Avd.leiar: Erlend Giskeødegård Holm

Det er om lag 115 elevar på trinnet ved skulestart. Elevane er delt i fem klassar. Oversikt over kontaktlærarane finn du på side 2.

10. klassetrinn Avd.leiar: Sindre Tomren

Det er omlag 100 elevar på trinnet ved skulestart. Elevane er delt i fem klassar. Oversikt over kontaktlærarane finn du på side 2.

Rektor: Gry Støbbakk Ytterland

Rådgivar: Steffen Bakke Elde

Faglærarar: Martine Hurlen, Svein-Harald Nordgård, Maria Hauge Blindheim, Ann Cecilie Nordstrand, Catherine Bradley Hessen (spes.ped/sosiallærar)

Miljøretteleiarar: Sunniva Ulvmoen, Kaisa Sandanger, Ida Bjørkeli Bjørneset.

Fagarbeidarar: Linda Skjeret Valderhaug, Ingrid Heggem Synnes.

Assistentar: Jonathan Mulelid

Helsesjukepleiarar: Sofie Hansen Rønning og

Merkantil: Jenni Åkre

MOT: Øyvind Blindheim og Kay Amund Vartdal.

Reinhaldar: Catalina Pasztor.

Pedagogiske satsingsområde 26/27

Hovudfokuset er at vi alle; elevar, føresette og skule – **SAMAN** - skal skape ein inkluderande praksis. **Tøff kjærleik** står sentralt der elevane skal møte tydelege og støttande vaksne som samtidig har høge faglege og sosiale forventningar til elevane. Elles jobbar vi med å skape variert og praktisk undervisning, slik at alle elevar kan oppleve fagleg meistring. Dei konkrete satsingsområda ser slik ut:

- Skape ein **inkluderande praksis** der alle føler dei høyrer til fagleg og sosialt, og kjenne at «det var bra eg kom».
- Bruke **varierte** undervisnings- og vurderingsmetodar (tverrfagleg arbeid, praktisk læring).
- Skulen som samfunnsbyggjar (MOT) med fokus på klasseleingsprinsippet; **TØFF KJÆRLEIK**.



Skulerute skuleåret 26/27 for Giske ungdomsskule

Månad	Merknad: Skulen har lagt inn utvida undervisningstid kvar veke. Dette vert kompensert med avspasering for elevane og ekstra planleggingsdagar for lærarane.
August	Skulestart for elevane måndag 17.
September	Avspasering for elevar fredag 25. Planleggingsdag for lærarane.
Oktober	- Hautferie veke 41: måndag 5 – fredag 9. - Utviklingssamtalar 1.termin skal vere gjennomført i løpet av månaden
November	Avspasering for elevar måndag 16. Planleggingsdag for lærarane.
Desember	- Avspasering for elevane tysdag 8. Planleggingsdag for lærarane. - Siste skuledag fredag 18
Januar	- Første skuledag for elevane tysdag 5. - Avspasering for elevane onsdag 27. Planleggingsdag for lærarane.
Februar	- Vinterferie veke 8: måndag 22. – fredag 26. - Utviklingssamtalar 2.termin skal vere gjennomført i løpet av månaden
Mars	- Påskeferie måndag 22.mars. – måndag 29.mars - Første skuledag etter påske tysdag 30.mars - Avspasering for elevane torsdag 4. Planleggingsdag for lærarane.
April	Avspasering for elevane torsdag 4. Planleggingsdag for lærarane.
Mai	Elevfri dag fredag 7.
Juni	Siste skuledag fredag 18

Kontakt skulen:

e-post		
Merkantil	41702308	Jenni.akre@giske.kommune.no
Sentralbord	47640397	
Rektor	92652950	Gry.stobakk.ytterland@giske.kommune.no
Avd.leiar 8.trinn	91643203	Solvar.vage.lillestol@giske.kommune.no
Avd.leiar 9.trinn	99017217	erlend.giskeodegard.holm@giske.kommune.no
Avd.leiar 10.trinn	92041154	sindre.havard.tomren@giske.kommune.no
Rådgivar:	93814706	steffen.bakke.elde@giske.kommune.no
Miljøterapeut	90659551	Sunniva.ulvmoen@giske.kommune.no
Sosiallærer	91622853	Catherine.Janet.Bradley.Hessen@giske.kommune.no
Helsesjuka-pleiar	90092663	Sofie.hansen.Ronning@giske.kommune.no

Facebook: Søk etter Giske ungdomsskule

Instagram: Søk etter Giske ungdomsskule

Kontakt heim-skule (Transponder meldingsbok)

Skulen nyttar Transponder meldingsbok (app) til kommunikasjon med foreldre og føresette. Transponder skal nyttast til all skriftleg samhandling med skulen. Giske kommune vektlegg at kommunikasjon via sosiale medier og privat telefon ikkje er tilstrekkeleg med tanke på personvern og datasikkerheit. Transponder meldingsbok er ei sikker plattform for kommunikasjon skule - heim. Lærarar har ei utvida arbeidstid kvar dag og denne skal nyttast til både samarbeid og møter på skulen, for og etterarbeid av undervisning og oppfølging av elevar og samhandling med heimen. Lærarar sjekkar Transponder mellom 08.00-15.30. Ønsker du at lærar skal ringe deg, skriv du ei transpondermelding og lærar tek kontakt.

Heim – skule samarbeid

Utviklingssamtalane og elevsamtalane blir gjennomført i oktober og februar.
FAU, samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet vert konstituert i løpet av september.

Skulen sine forventingar til heimen

Føresette si involvering i skulen er svært viktig. Heimen bør ha forventingar til elevane sin arbeidsinnsats og orden/åtferd. Skulen har arbeidd fram skriftlege forventingar til foreldra.

Skulen har ei forventing om at heimen:

- Set seg inn i arbeidsplanen og aktivt følgjer opp eleven sitt skulearbeid. Elevane bør arbeide cirka 1 time med lekser kvar dag (utanom fredagar).
- Set seg inn i skulereglane og bidreg til at eleven er lojal mot desse.
- Sørgjer for at eleven kjem presis til skulen og har med seg nødvendig utstyr for å delta i undervisninga.
- Sørgjer for at eleven har god døgnrytme og eit sunt kosthald.
- Melder frå til skulen om tilhøve som er viktige for eleven sin skulekvardag; fråvær, mobbing, sjukdom, hendingar og endringar heime.
- Gir melding ved fråvær og deltek på foreldremøte i klassen og utviklingssamtalar for den enkelte elev.

Skulen sitt arbeid for å legge til rette for eit godt læringsmiljø

Oppvekst Giske kommune har utarbeida felles retningslinjer for korleis skulen skal arbeide med dette. Mobbesaker bunnar gjerne i komplekse forhold, og skulen må jobbe forebyggjande for å motvirke. Dette gjerast mellom anna med å kontinuerleg fokusere på eit godt miljø, at elevane får utvikle eigne sosiale ferdigheiter, dei tilsette si kjennskap til kva mobbing er og korleis forebygge, tydeleg klasseleiing og eit godt heim-skule samarbeid.

Opplæringslova §12-2


“Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring”. Ved Giske ungdomsskule har vi eit stort fokus på at elevane skal trivast og oppleve det trygt å vere på skulen. Vi vil vere ein skule som gjer nødvendige endringar dersom ein situasjon krev det. Det er den enkelte si subjektive oppleving som er utgangspunktet for skulen si handtering av opplæringslova §12. Skulen har aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt. Ingen elever er vanskelege, dei har det vanskeleg - og vi som skule kan ved riktige tiltak vere med på å snu krevjande situasjonar. Vi ønskjer å ta på alvor dei ulike opplevingane og kjenslene som kan dukke opp i løpet av ein skuledag. Vi vil gjere alt i vår makt for at den enkelte skal kjenne seg trygg og ivaretatt.

Laget rundt eleven – Inkluderingssteam og samhandling:

«Det var bra eg kom» – er ein overordna visjon for oppvekst i Giske kommune. Eleven skal erfare å høyre til i eit fellesskap, utvikle seg og få bidra i fellesskapet. Når skulen kjenner på ei uro når ein ikkje mestrer dette vil vi gjere tiltak rundt eleven. Alle barnehagar og skular har etablert inkluderingssteam, der tilsette kan få støtte til å undersøke kva eit barn eller klassemiljø treng av tiltak og praksisendring. Lenkje: [Individnivå - Hovedportal \(giske.kommune.no\)](https://www.giske.kommune.no/individnivå)

Rektor leier inkluderingssteamet. Vi har inkluderingssteam kvar torsdag. Skule, føresette, PPT, helsejukepleiar, barnevern, fysio/ergo eller tilsette frå psykisk helseteam, er aktuelle medlemmar i inkluderingssteam. Vi tek opp elevsaker med samtykke frå føresette. Det kan også vere systemsaker (eks. klassemiljø, læringsmiljø, mobbing).

Målet er at barn/unge skal erfare eit inkluderende tilbud i barnehage/skule, få rett hjelp så tidleg som råd. Alle støttettenestene utgjer «laget rundt barnet», dette laget vil også kunne vere laget rundt læraren og/eller foreldra. Når barn har det vanskeleg gir det djupnesyn at fleire fagområder samarbeider med utgangspunkt i kva som er best for barnet.



Rådgivartenesta:

Steffen Bakke Elde er rådgivar og ansvarleg for utdannings- og yrkesrådgivinga. Dette inneber at han i samarbeid med lærarar legg opp til ei grundig orientering om desse emna. Rådgivar vil stå sentralt i arbeidet med faget Utdanningsval. Han vil arbeide særleg aktivt inn mot elevane i 10. klasse for å hjelpe dei i arbeidet med å orientere seg om vegen vidare inn mot vidaregåande skule.

Sosiallærar:

Catherine Janet Bradley Hessen er sosiallærar ved skulen. Oppgåva til ein sosiallærar er å vere tilgjengeleg for elevar som treng samtalar kring sosiale utfordringar, det kan vere mindre saker til meir komplekse. Sosiallærar er også ein del av inkluderingsteamet og vurderer når utfordringar må løftast høgare opp med meir tverrfagleg tilnærming.

Miljøteamet:

Miljøteamet er ein integrert del av teamsamarbeidet på dei ulike trinna. Miljøretteiarane har samtalar og oppfølging med enkelte elevar og elevgrupper. I tillegg førebur og gjennomfører dette teamet miljøtiltak (temadagar, aktivitetsdagar etc..) for heile skulen.

MOT

Giske ungdomsskule er med i eit program som heiter «MOT som samfunnsbygger». Fokuset er «It takes a village to raise a child» som betyr at vi alle må jobbe saman for å få fram det beste i ungdomane våre. MOT kjem kvart skuleår og held foredrag for tilsette og føresette. Tema som relasjonsbygging, bakgrunnsforståing og ikkje minst **TØFF KJÆRLEIK**, går som ein raud tråd i desse foredraga. Målet er at skule og heim skal arbeide med felles forventningar til ungdomane slik at dei kan få ut det beste for seg sjølv og andre. Kvar torsdag kjem MOT-coachane til skulen vår og held økter for elevane våre. Øktene har ulike tema på dei ulike trinna, men alle øktene er ein del av pakken for å skape robust ungdom. Øktene er bygd opp med samanheng og raud tråd gjennom heile ungdomsskuleløpet. Til saman får elevane cirka 10 økter på to skuletimar i løpet av ungdomsskulen. Målet er: Ungdom som bryr seg, ungdom som tør å seie nei og ungdom som har mot til å leve.

Plan for helsearbeidet på skulen 2026/27

Skulehelsetenesta i Giske kommune er lagt opp etter føreskrift av 19.10.2018

om kommunen si helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelsetenesta.

Helsesjukepleiar har ansvaret for skulehelsetenesta og sit i inkluderingsteamet på skulen.

Kommuneoverlegen er medisinsk fagleg rådgivar. Mål for tenesta er å fremje helse og utvikling i oppvekståra. Tenesta skal i samarbeid med heim, skule og hjelpeapparat, arbeide for å identifisere og løyse dei helseproblem som spesielt knyt seg til skuleeleven sin situasjon. Skulehelsetenesta skal arbeide for at elevane går ut av skulen med ei så god helse som mogleg og med ei åtferd som påverkar helse, livsstil og livskvalitet i ei positiv retning. Helsesjukepleiarar blir å treffe på skulen

måndag, tysdag, torsdag og fredag. Grunna endringar i kven som er helsesjukepleier vert informasjon om telefonnummer delt i etterkant av skulestart. Både føresette, elevar og skuletilsette kan ta kontakt. Sjå under for oversikt over planlagde oppgåver på dei ulike trinna.

8 klasse	Individuelt	Målretta helsesamtale
9. klasse	Gruppe	Gruppe og eller klasseundervisning med aktuelle tema.
10. klasse	Gruppe/klasse	Helseopplysning /undervisning Vaksinering
Alle klasser	Individuelt/ grupper	• Oppfølging av enkeltelevar. • Ansvarsgruppe • Trefftid på skulen • Foreldre har tilbod om foreldreveiledningsgruppe frå helsestasjonen.

Skulereglar

Det er utvikla felles skulereglar for alle skulane i Giske. Her er både reglar og konsekvensar. Kvar klasse vil arbeide med reglane for å forstå dei og ta eigarskap til dei. Klassa har i tillegg sine egne klassereglar. Både skulereglane og klassereglane blir informert om på foreldremøte. Lenkje skulereglar: <https://www.giske.kommune.no/tenester/skule-og-barnehage/skule/skulereglar/>

Erstatningsplikt

Vi forventar at elevane tek vare på bøker og utstyr dei får utlevert, og elles oppfører seg slik at dei ikkje øydelegg noko. Dersom nokon øydelegg bøker, IKT-utstyr eller inventar med vilje, eller gjennom uforsiktig framferd, må ein rekne med å erstatte det (inntil kr. 5000,-). Sjå §10 Skadeverk i skulereglane for meir informasjon.

Mobilhotell

Alle klasser har «mobilhotell.» Her skal mobilane plasserast i skuletida dersom dei har telefonen med på skulen.

Valfag og tilvalsfag

Elevane skal kvart år ha valfag to timar per veke. Både i 9.klasse og 10.klasse kan elevane velje å halde fram med same faget eller søkje eit nytt fag. Når eit valfag vert avslutta, vert det sett ein standpunktkarakter som kjem på vitnemålet. Dersom ein elev skiftar valfag kvart år, vil han/ho få standpunktkarakter basert på tre ulike valfagskarakterar. Ved inntak til vidaregåande skule blir det rekna eit gjennomsnitt av desse karakterane. Elevane har 2-3 timar kvart skuleår i tilvalsfaget sitt. Valet dei gjer før 8.klasse, vil gjelde for alle tre åra i ungdomsskulen. Det vil likevel vere høve til å endre valet sitt i løpet av **første termin i 8.klasse.** (Mrk: har du valgt spansk eller tysk som førsteønske og ønsker å skifte i løpet av 1.termin, må du skifte til enten norsk mattefordjuping eller engelsk fordjuping).

Elevfråvær og permisjon frå skulen

Elevane har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Ved fråvær på grunn av sjukdom skal skulen ha beskjed før undervisninga startar, seinast 08.10. Føresette legg inn fråværet i Transponder Meldingsbok. Når det er forsvarleg kan skulen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil 2 veker (10 skuledagar) i skuleåret (opplæringsloven § 2-2). Rektor har delegert fullmakt til å avgjere slike søknader på vegne av kommunen. Dersom elevar har urovekkande høgt fråvær, følgjer skulen kommunale retningslinjer. Lenkje til permisjonsreglement:

<https://www.giske.kommune.no/tenester/skule-og-barnehage/skule/permisjon-fra-skulen/> . Lenkje

til søknadsskjema permisjon:

https://skjema.giske.kommune.no/skjema/GKO043/Sknad_om_permisjon_fr_grunnskuleopplring

Informasjon om fråvær på vitnemålet

Elevar kan kvart skuleår søkje om at inntil ti dagar med dokumentert fråvær ikkje blir ført på vitnemålet. For å få stryke fråværet må det leverast legeattest som viser at fråværet kjem av sjukdom eller andre helseforhold. Dette er heimla i opplæringsforskrifta § 9-44. Ta kontakt med kontaktlærer for søknadsskjema dersom dette er aktuelt. Elles seier forskrifta følgjande: *For inntil sammenlagt 10 dagar i et skoleår kan en elev kreve at fravær ikke blir ført på vitnemålet dersom det kan dokumenteres at fraværet skyldes helsegrunner eller innvilget permisjon etter opplæringsloven § 2-2 fjerde ledd. For at fravær som skyldes helsegrunner ikke skal føres på vitnemålet, må eleven legge frem en legeerklæring som dokumenterer det. Fravær som skyldes helsegrunner må vare mer enn tre dager, og det er bare fravær fra og med fjerde dagen som kan strykes.* **Frist for å levere søknadsskjema om redusert fråvær er satt til 1.mai.**

Bringing og henting av elevar

Av omsyn til tryggleiken til elevane, ber vi om at de ikkje køyrer inn på sjølve skuleplassen på sørsida når de bringer og hentar elevar. Busshaldeplassen er den mest eigna plassen når ein skal setje av elevar. Kingelveven og kyrkja/bedehuset er og aktuelle stadar å setje av elevane.

Karakterar

På ungdomsskulen er det karakterar i alle fag bortsett frå elevrådsarbeid og utdanningsval.

Karakterskalaen er frå 1 til 6, med 6 som beste karakter. **Alle avgangskarakterar** tel ved inntak til vidaregåande skule. Dette gjeld også mat og helse i 9.klasse og valfag som blir avslutta undervegs i ungdomsskulen. Elevane får også karakter i orden og åtferd; God – nokså god – lite god.

Elevane får utlevert halvårsvurdering med karakter i **januar** og **juni**. Alle fagkarakterar skal setjast med utgangspunkt i læreplanen; den tekstlege delen "Om faget" + kompetansemåla i kvart enkelt fag. **Elevane sine føresetnader**, kan ikkje takast omsyn til i karaktersettinga. Det er berre klagerett på standpunkt- og eksamenskarakterar. NB! Dersom elevar med ITO (individuell tilrettelagt opplæring) har store avvik frå læreplanen, kan føresette, etter drøfting med skulen, avgjere at eleven ikkje skal vurderast med karakter i eitt eller fleire fag.

Bibliotek

Giske ungdomsskule har eit godt skulebibliotek. Ein av dei tilsette har ekstra ansvar for å drifte/bemanne biblioteket med fokus på å hjelpe elevane. Biblioteket er ein viktig del av den nasjonale lesesatsinga. Elevane vil her få hjelp til å finne bøker tilpassa nivå og interesse. Kvar klasse set av 1 skuletime pr. veke til lesing. Elles har biblioteket ope i nokre friminutt og arrangerer ulike quizar/konkurransar med fokus på skulemiljøet.

Leksehjelp

Leksehjelp blir gitt tysdagar i Vrimla frå kl. 14.00-15.30.

Kantine

Til vanleg sel vi ulike mjølkeprodukt; sjokolade- og jordbærmjolk, ulike typar yoghurt, milkshake, juice, iste og nudlar/pasta. Det er mogleg å toastе eller bruke mikrobølgeovn om ein vil det. I Street`n er det montert ein vassautomat med kjøling. Skulen har også to automatar med Tineprodukt (drikke). Elevane kan betale med kort, både i kantina og når dei nyttar automatane.